

Nærinfo Smedvegen

Gol kommune skal bygge ny vegtrasé, Smedvegen, i Gol sentrum. Traseen er parallellført med Sentrumsvegen og skal omfatte vann-, overvatns, og spillvassleidningar med tilhøyrande kummar og dessutan lysanlegg. I tillegg skal det byggast ein tverrforbindelse, Eidsvallvegen, ned til Gamlevegen.

Arbeida omfattar:

- Bygging av Smedvegen med fortau, lengde ca. 380 m
- Bygging av Eidsvallvegen, lengde ca. 120 m
- Bygging av vatn, spillvatns og overvassleidningar. Lengde ca. 400 m
- Lysanlegg for vegane

Vi er tildelt kontrakten «Smedvegen» for Gol kommune. Anleggsarbeida vil starte opp i april 2023 og er planlagt ferdigstilt november 2023.

Det vil gå føre seg arbeid i perioden:

- Måndag – torsdag: kl. 07:00 – 19:00

Det kan førekomme arbeid utanom desse dagane og tidene ved ekstraordinært arbeid.

Sprengingsarbeid

Det vil vere sprengingsarbeid i forbindelse med arbeida.

Varsling ved sprenging

Sprenging blir varsla med sirene (korte støyt før salven, og ein lang støyt etterpå). næraste naboar blir varsla i forkant om tidspunkt før avfyringa, viss dette blir rekna som nødvendig. Når det blir om varsla sprenging: Gå vekk frå vindauge, altanar, verandaer, uteområde og liknande som vender ut mot arbeidsstaden. Dette på grunn av faren for sprut av uhell. Vis denne informasjonen til andre som bur eller arbeider (har tilhald) i huset.

Ulemper i anleggsperioden

Det kan til tider bli dårleg framkomsttilhøve for bilar og fotgjengarar i området, men vi skal gjere vårt beste for å legge forholda trygt til rette for alle partar.

Pass på barna!

Vi veit av erfaring at anleggsplassar kan verke spennande på nysgjerrige små som liker å utforske. Anleggsområdet skal alltid vere forsvarleg avsperra, men vi ber likevel foreldre om å vere spesielt merksame og halde barna på trygg avstand.

Ved eventuelle spørsmål, kontakt:

Gol kommune

Elin Tangen

MOB: 48 12 31 13

Mail: elin.tangen@gol.kommune.no

Entreprenør

Espen Øynebråten

MOB: 90 69 07 29

Mail: espen@oatek.no